



Oppsummering av verksemda i 2025

Til samarbeidspartnarar og interesserte



Hardangerrådet iks

Hardangerrådet IKS vil med dette gje ei samla orientering om verksemd, prosjekt og viktige prosessar i regionen gjennom 2025. Året har vore prega av høg aktivitet, strategiske vegval og vidare styrking av det regionale samarbeidet i Hardanger.



2025 vart òg eit overgangsår for Hardangerrådet, med tilsetjing av ny dagleg leiar. Samstundes har kontinuitet i den politiske og administrative leiinga sikra stabil drift og god framdrift i viktige regionale saker.

Administrasjonen i Hardangerrådet IKS består av Ann Irene Myrheim, dagleg leiar, og Trude Lægreid Rinaldo, rådgjevar.



Regionrådet 2023-2027



Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane/herada Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik.

Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og eit mål er å gje enkeltkommunane ei sterkare stemme inn mot myndigheiter i stat og fylke samt å utgjera ein meirverdi for medlemskommunane.

I 2025 var Timo Knoch, Eidfjord kommune rådsordførar og rådsvaraordførar var Jens Olav Holven, Ulvik herad.

Hardangerrådet hadde 7 rådsmøter og 2 felles med rådmannsforum og eit fellesmøte med Sunnhordlandsrådet.

Styret i Hardangerrådet iks består av;

Leiar Jon Olav Heggseth, Ulvik, Gunnar Skeie, Kvam og Solfrid Horne-Moe, Ullensvang



Rådmannsforum



Hardangerrådet iks er sekretariat for Rådmannsforum, som er eit nettverk for rådmenna/ kommunedirektørane i Hardanger.

I 2025 var Magnus Steigedal, Eidfjord leiar for Rådmannsforum, og Tore Hopperstad, Ulvik herad, nestleiar.

Rådmannsforum hadde 6 møter der 2 var felles med Hardangerrådet, 1 felles med Sunnhordland/Hardanger.

Rådmannsforum deltek på Hardingtinget og Hardangerkonferansen.



Team Hardanger (TH)

Hardangerrådet er sekretariat for Team Hardanger, er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarrettleiarar, leiarane i dei to næringshagane i Hardanger og dagleg leiar i Visit Hardangerfjord. TH har i 2025 vore leia av Lisbeth Bygstad Celik, Kommunsjef kultur, næring og berekraft i Eidfjord kommune.

TH har hatt 5 møter i 2025, samt delteke på Hardingtinget og Hardangerkonferansen.



Hardanger og Voss Ungdomsråd (HUV)



Hardangerrådet iks er sekretariat for [Hardanger og Voss Ungdomsråd](#).

HVU hadde 6 møter i 2025. Leiar er Alexander Nitter, Kvam ungdomsråd, nestleiar var Håkon Skjoldli, Voss ungdomsråd.

Ungdommen oppmodar kommunane til å stå opp for dei unge, også i tider med stram økonomi.





Aktivitet og prosjekt i 2025

Viktige saker i Hardangerrådet har vore m.a.:

- Turistbåtruta 2025 og 2026 Finansieringsplan for 2025 og 2026 for sikring av drift. Vidare arbeid med kommersiell drift frå 2027
- Hardingtinget 2025
- Hardangerkonferansen 2025
- Partnerskapsavtale med Vestland Fylkeskommune
- Forskningsprosjekt Fjernarbeidsplassar og prosjektet "Arbeidsstad der du vil"
- Leiing og administrasjon av Kompetanseforum Hardanger og Voss
- Administrativ leiing for Hardanger og Voss Ungdomsråd
- Administrasjon for Hardanger Kulturråd og Regionalt kulturfond Hardanger
- Koordinering Rein Hardangerfjord i Hardanger
- Administrativ leiing av Fjordvegen Rv 13 med tilsetjing ny dagleg leiar i november 2025
- Koordinering besøk av Nasjonal Rassikringsgruppe i Hardanger
- Rullering RTP og innspel NTP 2029-2040
- Samarbeid med Næringshagane i Hardanger og Voss og Næringshagen i Ullensvang
- Ny strategisk reiselivsplan, besøksforvaltning, besøksbidrag og bærekraftig reiseliv i regi av Visit Hardangerfjord
- Kraftturisme prosjektet og felles reiselivsprosjekt i regionen
- Høyringsinstans med uttale på vegne av regionen
- Interkommunalt samarbeid og organisering
- Samarbeid regionråda i Vestland og med IPR Norge
- Matarena og Norsk Smaksskule



Turistbåtruta

I 2025 lukkast Hardangerrådet, i samarbeid med kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik og Sparebankstiftinga Hardanger, med å få starta opp att sal av billetter til turistbåtruta i Hardanger ved å sikra finansiering for drift i 2025-sesongen.

I perioden frå mai til og med september hadde ruta om lag 20 000 reisande på Hardangerfjorden.

Vidare vart det i 2025 lagt på plass ein finansieringsmodell for 2026, der kommunane og Sparebankstiftinga Hardanger bidrog med 1 million kroner kvar, supplert med 230 000 kroner frå reiselivsnæringa. Resterande finansiering vert henta inn gjennom prisauke frå Norled.

I desember 2025 fekk dermed Hardangerrådet stadfesting frå Vestland fylkeskommune på at ruta for 2026 vil gå i sesonge 1. mai til 30. september.

Samstundes starta Hardangerrådet i 2025 arbeid med å leggja til rette for kommersielle aktørar, med mål om å få på plass ei berekraftig og kommersiell båtrote frå Hardangerfjorden frå 2027.



Hardingtinget 2025



Hardangerrådet iks er arrangør av Hardingtinget kvart år, for innhald og gjennomføring. Hardingtinget består av alle formannskapsmedlemmane i dei 4 Hardangerkommunane, i alt 32 representantar, samt rådmenna. Dette er ein viktig møteplass for regionalt samarbeid og utvikling av Hardanger.

Hardingtinget 2025 hadde desse overskriftene:

1. Nettverk og samarbeid
2. Ny reiselivsstrategi i Hardanger og besøksforvaltning
3. Hardanger og Voss ungdomsråd
4. Fjernarbeid Fase 2
5. Framtidsutsikter for Hardanger



Hardangerkonferansen 2025



Hardangerrådet iks er arrangør for [Hardangerkonferansen](#) kvart år.

Konferansen er ein viktig møteplass for næringsliv og det offentlege, for nettverk og utvikling av heile Hardanger.

Ca. deltakarar deltok på lunsj til lunsj samling i Hotell Ullensvang på Lofthus med tema:

Næringslivet sine utfordringar i møte med det offentlege.

Konferansen var eit samarbeid mellom Sparebankstiftinga Hardanger, Sparebanken Norge, Ullensvang kommune og Hardangerrådet iks.



Partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune



Hardangerrådet iks har partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune, til liks med dei 4 andre regionråda i fylket vårt. Denne avtalen skal styrkja samarbeid mellom regionane i fylket vårt og fremja berekraftig utvikling. Viktiga ansvarsområdet i avtalen er:

- Begge partar skal informere kvarandre om viktige arrangement og synleggjere samarbeidet på relevante arenaer
- Samarbeida om å identifisere og løyse felles utfordringar innan område som oppvekst, klima og miljø, infrastruktur, arealforvaltning, næringsutvikling og samferdsel
- Regionråda kan dra nytte av ressursar og kompetanse som fylkeskommunen og fylkeskommunen sitt nettverk rår over
- Regionråda gir høyringsuttalar til regionale planar, temaplanar og strategiar, og kan bidra i prosessen med å utarbeide planane der dette er aktuelt
- Regionråda deltek i aktuelle nettverk, forum og råd i regi av fylkeskommunen, og referat og oppfølging skal forankrast i Regionrådet



Prosjekt Fjernarbeidsplassar



Hardangerrådet iks saman med NORCE har forska på fjernarbeid og kva moglegheiter det gjev. Fase 1 såg på frå arbeidsgjevar ståstad, fase 2 frå arbeidstakar sin ståstad.

Faktum er at omlag 50% av alle jobbar i Norge kan utførast kor som helst. Det gjev mange moglegheit til å busetja seg der dei vil og sårt trengte kompetansesarbeidsplassar spreidd over heile landet. Arbeidet fortset med pilotering og framtidsretta utvikling, i eit prosjekt finansiert av Vestland fylkeskommune og Hardangerrådet. Her skal me blant anna sjå på kontorfellesskap og utvikling av fjernarbeidsleiing. For meir informasjon: hardanger.com



www.nhullensvang.no



www.hardangerhagen.no

I Hardanger har me to næringsshagar, Næringsshagen i Ullensvang og Hardanger og Voss næringsshage. Begge næringsshagane er med i Team Hardanger og begge med ny dagleg leiar, Hans Inge Myrvold i Ullensvang og Trude Undebakke i Hardanger og Voss. Saman arbeider dei blandt anna med rekrutteringsprosjekt for Hardanger og Voss, og ein ser på korleis ein vidareføra resultat. Saman og med Kvinnherad Næringssservice driv dei "Hardanger, Voss og Kvinnherad Studiesenter ([HVK Studiesenter](http://HVK.Studiesenter)) og fekk i 2025 oppretta Barnehagelærar med lokalt studie. Dei tilbyr også Studenstover no på 6 stader i regionen vår.



Kompetanseforum Hardanger Voss



Hardangerrådet iks er leiar av "[Kompetanseforum Hardanger Voss](http://Kompetanseforum.Hardanger.Voss)" på vegne av Vestland fylkeskommune og del av kompetanseforum Vestland, samarbeidsorganet for kompetansearbeid i regionen. Målet er rett kompetanse til rett tid på rett stad. Nettverket er sammensatt av

næringsliv, skular, kommunar, NAV, opplæringskontora og fylkeskommunen nettopp for at tilbud og etterspørsel av kompetanse og arbeid er i balanse i lokalsamfunnet vårt. Hardangerrådet iks er ansvarleg for innhald, møter og framdrift i regionen vår.



Hardanger Kulturråd og Regionalt kulturfond Hardanger

Hardangerrådet iks er sekretariat for Hardanger kulturråd, som er eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av kommunane.

Rådet har hatt 1 møte i 2025, men er eit godt viktig nettverk for drøfting og deling av erfaring. Hardangerrådet iks er også administrator og sekretariat for Regionalt Kulturfond Hardanger, medan Hardanger kulturråd er tildelingsnemnd.



Rein Hardangerfjord



Hardangerrådet med kommunane i Hardanger er med og driv prosjektet "[Rein Hardangerfjord](#)" - "Me berre gjer da". 2025 var år 4 av det 5-årige prosjektet. Alvsaker var hovudsete for aksjonen dette året. I vår del av Hardangerfjorden er det mindre plast, men nærare kysten ser ein tydeleg behovet. Ikkje berre rydding, men fokus på plast og kva me kan gjera for å minska utfordringane har vore sentralt gjennom prosjektet. I 2026 er det 5-årige forskingsprosjektet ferdig, me er spente på resultatane. Kva kan ny kunnskap gjera for arbeidet med dei enorme plastutfordringane i verda?



www.hardanger.com

Hardangerrådet iks sin nettstad, med informasjon frå m.a. regionrådet, prosjektarbeid, nyheiter og møtebøker.

Hardangerrådet IKS vil takka kommunane, fylkeskommunen, samarbeidspartnarar, næringsliv, frivillige og engasjerte innbyggjarar for godt samarbeid gjennom 2025. Det regionale fellesskapet står sterkt når me deler kunnskap, tek felles ansvar og arbeider langsiktig.

Me ser fram til vidare samarbeid og utvikling av Hardanger i åra som kjem.

Kinsarvik 02.02.2026

Hardangerrådet iks

Ann Irene Myrheim, dagleg leiar

